

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 15.03.2012  
Sakhandsamar: **Elisabeth Meland**  
Saka gjeld: **Høyring - forslag til endringar i lov om helseforetak**

**Arkivsak**

2012/15/

**Styresak 038/12 B**

**Styremøte 23.03. 2012**

---

## Forslag til vedtak

Styret slutter seg til vedlagte forslag til høyringssvar frå Helse Vest.

## Oppsummering

Dei forslaga til endringar i helseføretakslova som er sendt på høyring er basert på erfaringar med helseføretaksmodellen og handlar i stor grad om kodifisering av praksis slik den har utvikla seg i løpet av dei siste ti åra. Det er blitt gjort endringar i modellen utan at det har vore nødvendig med lovendringar, til dømes krav om opne styremøte. Departementet gjer tilråding om at desse endringane blir tekne inn i lova slik at lova sjølve gir eit meir heilskapleg bilete av helseføretaksmodellen. I tillegg blir det gjort framlegg om å utvide dei organisatoriske valmoglegheitene som det i praksis har vist seg behov for, til dømes opne for ein meir omfattande bruk av helseføretak som alternativ til ansvarleg selskap og aksjeselskap. Høyringsnotatet inneheld også tilråding om i større grad å synleggjera den nasjonale styringa av spesialisthelsetenesta i helseføretakslova.

Dei regionale helseføretaka har samarbeidd i arbeidet med å utarbeide høyringssvar og på denne bakgrunn er utkastet til høyringssvar utarbeidd på bokmål. Dei endelege framlegg til uttale er likevel blitt noko forskjellige. Dette har ikkje si årsak i usemje med omsyn til dei problemstillingane som høyringsnotatet tek opp, men er meir utslag av noko ulikt syn på kva form og omfang høyringsuttalen bør ha.

## Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har sendt på høyring forslag til endringar i lov om helseforetak. Høyringsfristen er sett til 2. april 2012.

I Meld. St. 16 (2010-2011) Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015) under punkt 6.1 om vidareutvikling av helseføretaksmodellen heiter det følgjande:

«Det er snart ti år siden helseforetaksmodellen ble gjennomført. På grunnlag av de erfaringene som er gjort til nå, vil det bli gjort en gjennomgang med sikte på mulige forbedringer i modellen og tilpasninger/endringer i lovverket, herunder vurdering av styringspraksis, og regional og lokal forankring.»

Helse- og omsorgsdepartementet har i høyringsnotatet peikt på at det på to område er behov for å få fram eit betre faktagrunnlag før det blir gjort ein nærare vurdering av om det bør bli gjort meir omfattande endringar av helseføretaksmodellen. Det er ønskjeleg med ein ekstern, uavhengig kartlegging av dei regionale helseføretaka sine roller, funksjon og ressursbruk innanfor systemet før det blir tatt standpunkt til det regionale nivået si framtidige rolle. I tillegg vil det bli gjennomført ein evaluering for å sjå på om styra faktisk bidreg til å fylle rolla dei var tiltenkt i modellen og kva meirverdi dette gir i eit styringsmessig perspektiv. Det er opplyst at dei to evalueringane er forventa ferdigsilt før sommaren 2012.

Dei forslaga til endringar i helseføretakslova som er sendt på høyring i denne omgang, er basert på erfaringar med helseføretaksmodellen i praksis. Det er blitt gjort nokre endringar i modellen utan at det har vore nødvendig med lovendringar, til dømes krav om opne styremøte. Departementet tilrår at desse endringane blir tekne inn i lova slik at lova sjølve gir eit meir heilskapleg bilete av helseføretaksmodellen. I tillegg blir det gjort framlegg om å utvide dei organisatoriske valmoglegheitene som det i praksis har vist seg behov for, til dømes opne for ein meir omfattande bruk av helseføretak som alternativ til ansvarleg selskap.

Når det gjeld organisering av utskilt verksemd som ikkje er spesialisthelseteneste har regjeringa ikkje konkludert i spørsmålet om slik verksemd kan organiserast som helseføretak, men høyringa inneheld også drøfting av denne problemstillinga.

I tillegg inneheld høyringsnotatet tilråding om i større grad å synleggjera den nasjonale styringa av spesialisthelsetenesta i helseføretakslova samt nokre endringar i lovteksten av teknisk, ikkje innhaldsmessig karakter.

Helse Vest RHF har sendt ut høyringsnotatet til helseføretaka og Helse Vest IKT og bedt om innspel. Tre av sjukehusføretaka og Sjukehusapoteka Vest har gjeve innspel. Alle fire sluttar seg i det vesentlege til lovendringsforslaga.

## Kommentarar

I det følgjande blir det gitt ein kort oversikt over problemstillingane i høyringsnotatet og hovudtrekka i utkastet til høyringssvar.

### **Selskapsorganisering /organisatoriske valmoglegheiter.**

Helse Vest sluttar seg til at det blir opna for at eit helseføretak kan ha fleire eigarar, dvs. at organisasjonsforma helseføretak blir ein alternativ måte å organisere på der ein i dag brukar ansvarleg selskap (ANS).

I tillegg blir det i høyringsuttalen peika på at

- Det bør opnast for at også anna verksemd enn spesialisthelseteneste kan organiserast som helseføretak.
  - Det bør vere valfridom mellom aksjeselskap og helseføretak
  - Krava som knyter seg til samansetjing av styre for «ikkje-medisinske helseføretak» bør ikkje innehalda krav om politisk representasjon. Det sentrale for styresamansetjinga her er ikkje å sikre demokratisk styring av sentrale velferdsgodar, men å sikre sektorkompetanse
  - Det same bør gjelde for nokre verksemdar som driv spesialisthelseteneste, men som meir har karakter av støtteverksemd, til dømes sjukehusapotek
- Forholdet til MVA-lovgjevinga bør bli gjennomgått og tilpassa nasjonal organisering av fellestenester.
- Det blir peikt på at Helse Vest ser behov for ein nærmare vurdering av mogeligheita for etablering av felles eide verksemd mellom føretaka og kommunar.

### **Dei regionale helseføretaka - oppgaver og ansvar**

- HOD har gjort framlegg om ein ny § 2a som lovfestar dei regionale helseføretaka sitt ansvar og oppgåver. Forslaget inneberer ein tydeleggjering av dei regionale helseføretaka sitt ansvar og oppgåve, noko som er vurdert som positivt.
- HOD tilrår at § 30, som omhandlar kva for saker som skal leggjast fram for føretaksmøtet, blir eksemplifisert og til dels også utvida. I høyringssvaret føreslår ein å oppretthalda systemet i lova slik det er i dag og der eksempla er omtala i vedtektene.

### **Eigarstyring og formalia**

- HOD gjer framlegg om at det blir opna for å ha felles føretaksmøte for fleire helseføretak, og at det blir lovfesta adgang til å gjennomføre styremøte over video og telefon. Dessutan er det føreslått at heimelen som Helse- og omsorgsdepartementet i dag har til å fastsetje vilkår i samband med tildeling av midlar, blir utvida til også å omfatte dei regionale helseføretaka. Helse Vest støttar desse forslaga.

### **Staten si eigarstyring av dei regionale helseføretaka**

- I høyringsforslaget føreslår HOD at det blir fastsett ein ny § 16a som omhandlar innhenting av opplysningar frå dei regionale helseføretaka. Lovparagrafen framstår som uklar samtidig som dei regionale helseføretaka har same behov i forhold til helseføretaka. I utkastet til høyringssvar er det derfor føreslått ei alternativ formulering som omfattar at «eigar» innhentar opplysningar frå føretak. På denne måten opnar ein for at også regionale helseføretak kan innhente opplysningar i medhald av lova.

### **Revisjonskomite, internrevisjon og rett til innsyn i opplysningar underlagt teieplikt.**

- Kommentaran til lovforslaget på dette området er utarbeidd i tett samarbeid med internrevisorane ved dei regionale helseføretaka.
- I forslaget til høyringssvar har ein prøvt å rydde i dei omgrep som blir nytta, i ansvar og oppgåver.
- Det er gjort tilråding om alternative lovtekstar som ivaretek det som etter Helse Vest si oppfatning er dagens praksis, samtidig som ein har søkt å ivareta nødvendig fleksibilitet i forhold til vidareutvikling.

- I høyringssvaret er departementet oppfordra til å utvide forslaget til generell heimel til innsyn i teiepliktige opplysningar slik at det framstår tydeleg at administrerande direktør har tilsvarende innsynsrett som internrevisjonen. I samband med endringar av helsepersonellova § 26 ber Helse Vest departementet om å klargjera forholdet mellom helsepersonellova § 26 og § 29 b.
- I høyringssvaret er det kommentert at offentleglova medfører ei problemstilling i forhold til arbeidet til konsernrevisjonen, ettersom det manglar generell heimel for «utsett offentlegheit». Dette medfører problem i samband med utsending av rapport til helseføretaka.

#### **Tilsette sin representasjon i styret**

- Forslaget om lovfesting av at tilsette sine representantar i RHF-styra ikkje skal delta i behandlinga av saker der det er konflikt mellom arbeidsgivar og arbeidstakar, blir støtta. Samtidig påpeikar ein at det same bør gjelde for styra i helseføretaka.
- Forslaget til ny § 25, 3.ledd om nyval av styre ved omdanning eller omorganisering, synest for omfattande og generell. I høyringssvaret føreslår ein at paragrafen blir endra til ein «kan»-regel, og at det blir tatt inn eit vesentlegheitskrav med omsyn til omfanget av omdanninga/omorganiseringa.

#### **Lovfesting av opne styremøte**

- Departementet sitt forslag om å lovfeste kravet til opne styremøte, føreslår ein blir støtta. Men i høyringssvaret føreslår ein at adgangen til å lukke styremøta blir kopla til offentleglova slik at ein sikrar at styremøtet kan lukkast i dei same tilfella som dokumenta kan unntas frå offentlegheit.

#### **Konklusjon**

Administrerande direktør gjer tilråding om at styret sluttar seg til forslaget til høyringsuttale.